

NY RETTSKRIVING FOR 2000-TALET

REFERAT FRÅ MØTE I RETTSKRIVINGSNEMNDA 3.-4. MARS 2011 I IVAR AASEN-TUNET, ØRSTA

Til stades: Grete Riise, Unn Røyneland, Åse Wetås, Karin Magnetun, Ragnhild Bjørge, Tore Elias Hoel, Marit Hovdenak og Aud Søyland

Forfall: Svend Arne Vee

I. GODKJENNING AV INNKALLING, REFERAT, SAKLISTE OG TIDSPLAN

Møtet var fastsett i møteplanen vår. Innkalling vart send ut 1. mars 2011.

Høyringsinnspela har lege på nettsida sidan 25. februar, og samla høyringsinnspel har lege i arbeidsrommet sidan 28. februar. Samla sakspapir vart sende ut tysdag 1. mars 2011.

Referatet frå januarmøtet vart lagt ut i arbeidsrommet eit par dagar etter møtet og godkjent via e-post. Det vart lagt ut på nettsida vår 23. januar.

Innkalling, referat, sakliste og tidsplan vart godkjende, med nokre endringar i saklista.

II. SIDAN SIST

Møte:

- Grete Riise har vore på møte med Osterøy Mållag.
- Grete Riise har vore på møte med kontaktlærarar for norsk i vidaregåande skular i Hordaland.
- Grete Riise har vore på medlemsmøte i Hareid Mållag.
- Grete Riise og Aud Søyland har vore på møte med nynorskforfattarar og med styret i LNK.
- Høyringsmøtet på morsmålsdagen 21. februar er dokumentert både gjennom filmoptak og referat som ligg på nettsidene våre.
- Ragnhild Bjørge gav orientering om arbeidet i nemnda via video til Høgskulen på Stord/Haugesund, lærarutdanninga.

Medieoppslag:

- Grete Riise var i Språkteigen på NRK P2 sundag 20. februar.
- Høyringa vart send på nett-tv. Det ligg lenkje på sidene til Språkrådet.
- Dag og Tid har hatt oppslag om høyringsmøtet.
- Kåseriet til Tore Elias Hoel om arbeidet i nemnda har stått på trykk i Dag og Tid.
- Det har vore to oppslag i Vikebladet Vestposten om møtet i Hareid Mållag.

Innspel:

- Det har kome 75 høyringsinnspel frå organisasjonar, skular, høgskular, universitet, departement og enkeltpersonar.

III. AKTUELLE OPPGÅVER

17. mars: Årsmøte i Hemsedal Mållag. Aud Søyland orienterer om framleggget.

2. april: Årsmøte i Norsk forening for språkkonsulenter. Aud Søyland orienterer om framleggget.

9. april: Landsmøte i Noregs Mållag. Ragnhild Bjørge orienterer om framleggget.

26. mai: Møte i Nettverk for omsetjarar i staten. Grete Riise orienterer.

Vidare arbeid: Styret i Språkrådet har sagt at dersom me får invitasjonar, er det greitt at nemndmedlemmer møter og orienterer om arbeidet. Utgiftene skal dekkjast av Språkrådet (honorar og reiseutgifter).

IV. HØYRINGSINNSPEL

Det har til møtet i Ørstha kome i alt 75 høyringsfråsegner. Nemnda har gått grundig gjennom dei, og det er teke omsyn til dei i vedtaka.

Nemnda har fått stor oppslutning om viktige delar av det ho har gjort, både i den opne høyringa og i høyringsfråsegnene.

I forordet vil me takka alle som har kome med innspel i prosessen, og presisera at alt som har kome inn, har vore med på å danna grunnlag for avgjerdene.

Me har fått innspel om å stryka former som er komne inn i rettskrivinga som følgje av tilnærningspolitikken frå og med 1938-normalen. Den døra har me ikkje opna. Somme har trudd at me skulle stramma inn frå læreboknormalen – det bør òg kommenterast.

Nemnda tok opp att nokre av dei emna det særleg har kome merknader til, og gjorde nye vedtak i nokre tilfelle.

Aud Søyland refererte.